

tryggja fridomen, hadde vi nok vunne det siste slaget, men tapt krigen. Vi måtte finne den rette tone og det rette samlingsgrunnlaget.

Arne Fjellbu sin tale var viktig og hadde eit klart perspektiv. Det var å vone at talen vert spreidd. Dersom dette er den norske kyrkje-front sin programtale for etterreisinga av landet, kan alle progressive krefter her i landet sjå lyst på framtida. Då treng ein ikkje ottast at i politisk og social reaksjon vil få støtte av kyrkje-fronten. Hervvar iet ikkje reaksjon, russe- og kommunistfrykt, som kom fram, men varme for lang folk, for alle som kjempa for fridomen, uansett politisk, klasse, eller regiøst standpunkt. Det var klarsyn og fordragelighet i denne tale, som vil jera sin store nytte for å nå ei verkeleg samling av alle ørlige demokratiske krefter i sluttfasen av krigen og ved dei nærmaste oppgavene etter rigen. Den tone som Fjellbu tala i, vil vera skyna i alle krinsar som har et progressivt syn. Den demokratiske samlinga som i desse dagane tar form å eit klart forfatningsmessig grunnlag, i kamp mot nazisme og reaksjon, vil inne seg vel til rette i tillitsfullt samarbeid og forståing med ein regiøs front på Fjellbu sitt grunnlag.

#### Passivitet fører til auka terror.

Siste veke var ei av dei svartaste i heimefrontens historie. På gagar avretta fienden over tredeve av dei beste nordmenn. Dei som fall or terrassen høyde til dei mest aktive i kampen på heimefronten. Derfor om Øksnevad uttala i London radio vart dei og drepte. Dei myrda høyde til dei beste av vår ungdom og intelligens, bonde og bygutar, som i den aktive innsatsen fann uttrykk for sin kampvilje og sitt kampmot, intellektuelle, som sette kunnskapen sin inn for den aktive motstand. Namna til dese vil stå meisla inn i vår historie, og i alle ørlege nordmanns medvet. Orga over tapa, vil mana alle aktive og framstegsvenlege til å auke innsatsen for land og folk.

Den kynisme som fienden legg for dagen ved å rette ein appell til jemmemfrontens ledelse om at den skal halda seg i ro, er så opprørande at i meir og meir kjerner oss som eit folk utan leing, prisgjeven fienden sin i vilkårlege og brutale terror. Den han som quislingane set fram i pressa, iser at dei kjerner seg heilt trygge så lenge som den passive leiinga av heimefronten rår. Fra Hj.1. har det i lang tid vore dreve ein intens agitasjon, både gjennom kringkastinga og i den illegale presse, om det løynde åpvet-folkestreiken-som skulle setjast inn dersom fienden gjekk til omattande terrorhandlingar. Nå når folket ventar på signalet til streiken, syver vi ingen ting. Som rimeleg kan vera spør folk nå om propagandaen gjekkje samsvarer med viljen og evna til å setja i verk motatak. Folket har orte føra opp med trua, at det skulle setjast makt bak parolar og opprop. Resultatet er at dei nå kjerner seg vonbrotna over at ingen ting vert gjort for å stage fienden sin terror. Dei kjerner seg trølebunden, ikke berre av fienden, men og av den passive leiinga av motstanden. Det er anvarslaust lengre å teie med at den passive leiinga av heimefronten stengjer for ei verkeleg frigjering av kreftene mot fienden. Det ser ut for at altfor mange har lust å vera leiarar, men dugleiken skortar det nykje på. Istadefor å mobilisere folket til kamp, driv den reaksjonsære retning innan leiinga forfylging av dei aktive patriotar, for å splitte heimefronten, og for, som dei trur, å gagna sine serlege politiske mål.

I alle Europeiske land, som er og har vore undertrykte av fienden, kjem dei progressive, demokratiske element fram i leiinga. Reaksjonen og dei passive, må vika for dei som bygger på framsteg og aktiv innsats. Det er på tid at det og hjå oss vert ei utskifting. Det er å vona at regjeringa vår etter retningslinene fra Krimkonferansen, vil rydde opp i dei passive krinsane, som har sett seg fast i heimefrontleiinga. Det er dei aktive og demokratiske element i heimefrontens kamp som fienden rettar sin terror mot. Dette fordi fienden veit at den passive leiinga ikkje vil setja nokominn for å stoppa terroren med aktiv motstand. Derfor er kravet nå fra alle ørlige nordmenn som kjemper mot fienden, at det i leiinga av heimefronten kjem med dyktige, aktive og demokratiske menn, som vil føra folket til kamp mot fienden.

#### Den norske heimefronten.

Den norske heimefronten har i det siste gått gjennom harde påkjenninger, på grunn av dei åttak som fienden har sett inn. Arrestasjonar og dødsdommar har ført sorg inn i mange heimar, samstundes med at oppgjeving og mismot har kome til synne i rekkene. Etter dei siste ivrettingane av over tredeve gode landsmenn, viste det seg tydelig at den norske heimefronten vart for veik til å stagge terroren og gå til motatak mot fienden. Vi var lulla inn i den oppfatning at vi var så og så sterke, og at dei som sto på bruva var så og så målmedvetne, at berre vi hadde tilliten til dei som sto på bruva, ville alt gå bra. Med folkestreiken skulle vi endeleg sette ein stopper for fienden sin terror, og på same måte som danskane sette oss i respekt.

Nå viste det seg at leiinga av heimefronten ikkje var vaksen for føra heimefronten til samla motstand mot fienden, slik som dei i propagandaen hadde halde fram. Fienden sette ikkje berre igang terroren, en utfordra Hj.1. til å ta standpunkt. Frå heimefrontleiinga høyde i ingen ting, folkestreiken vart lagt på hulla. Dette var eit av dei est nedslående nederlag heimefronten har hatt.

Kva er årsaken til denne veikskapen i den norske heimefronten? Igg veikskapen i folkemateriellet, slik at nordmenn ikkje kan utføra in slik motstand som andre folk og nasjonar, som t.d. danskane? Vi eit at det fins folk som påstår dette. Vi trur ikkje at veikskapen igg i folkematerialiteten, folkelynnnet. Vi trur ikkje at det norske folkter like villig til å kjempe for fridomen sin som andre folkeslag. Åre sjøfolk og nordmenn i dei allierte styrkane, og sabotørane på heimefronten, har slett ikkje synt at dei er underlegne over for folk fra andre nasjonar. Tverrtimot.

Årsaka er at det ennå ikkje har lukkast å skape ei verkeleg aktiv eiing av motstanden mot fienden, der heile folket kom med, og at leiinga som i namnet har vore, på det politiske området ikkje har klarlagt etningslinene for etterreisinga av demokratiet etter krigen slik at det ikkje kom fram motsetninger. Desse to spørsmål heng sjølv sagt nøyne sammen. Når folket ikkje vert mobilisert gjennom aktiv innsats og politisk ekt ved kampen for den politiske framtid, vert kampmoralen svakt. Framleis står dei mest aktive i heimefrontens kamp, dei som har vore initiativtakrar med omsyn til sabotasjen, til sams leing av motstanden, til lare politiske liner på grunnlovs-messig grunn, utafor heimefrontleiinga. Ramleis fører dei passive kreftene kampen mot dei politiske venstrelement innan heimefronten, kommunistane og dei demokratiske kreftene som ruenige i den antidemokratiske kurset heimefrontleiinga har fulgt. En passive leiinga av heimefronten har ført til veikskap over heile lina. Ersom det ikkje er klare liner for kampen, slik at folk veit kva dei jempar for, kjennar det seg heller ikkje bundne til kampen slik som det ør.

Dei fleste veit at det har vore store motsetningar innan heimefronten når det gjeld etterreisinga av demokratiet etter krigen. Dette er si årsak i den antidemokratiske kurs som har vore sterkt merkbar frå heimefrontleiinga. Så lenge som ikkje heimefrontleiinga tar klart standpunkt til at den vil bygge på grunnlova, at våre folkevalgte organer skal fallast inn straks krigen er over, vil mistilliten vere ved. Dersom kuldunga mot leiinga ikkje var rett, skulle ein gå ut frå at den var berre interessera enn nokon i å få desse spørsmål klarlagde. Vi minner om at ein av vore fremste statsrettslærde har vara sterkt mot den antiforfatningsmessige kurs som har kome fram.

Nå vert det hevda at dersom ein berre ikkje nemnde slike ting, ville ikkje folk få greie på det, og dermed ville kampmoralen ikkje verta svakt. Ein bør ikkje så misstillit til leiinga, sjølv om den tilgjør ein antidemokratisk kurs, og at ein bør bøygje seg for kavet fra denne leiinga om å hindre den frie presse å få desse spørsmål opp,

eller kritisere den passive motstandspolitikk.

Det å strekke loyalitetens så langt, er å verta medskuldig i ei antidemokratisk utvikling. Det rette i denne støda hadde sjølv sagt vore at leiinga så snart misstilliten kom fram, tok klart standpunkt til spørsmåla som var reiste. Derved ville dei sveise heile heimefronten fastare saman. Men leiinga valde veien å undertrykke den demokratiske opposisjon. Organisatorisk og på annan måte, vart det ført kamp for å sette dei demokratiske kreftene utefor, samstundes som det vart utarbeid nye retningslinjer som skulle binne alle til slik loyalitet at ingen, korkje i skrift eller tale hadde lov til å dryfte så viktige spørsmål som innkalling av Stortinget m.m.

Motsetninger kan løysast på to måtar. Ved å fjerne årsakene til dei, eller ved å undertrykke den eine parten. På den første måte byser ein motsetningane på ein positiv måte til bate for heile kampen. På den andre måte kan ein døyve motstandaren for ei stund, men motsetningane kjem seinare att i krassere form, som svelker kampen mot fienden.

Dei motsetningar som det her er tale om, er ikkje småting som folk hefter seg ved. Det har heller ikkje noko å gjera med spesifik parti- eller klassestrid, alle er enige om at slike skal kvile til ten nasjonale fridomen er vunnen. Motsetningane gjeld på det politiske området dei fundamentale rettar i vårt konstitusjonelle demokrati. Det gjeld støda til vårt høgste forfatningsmessige organ, Stortinget, og ei folkevalde by- og herredsstyrer. Berre politisk ukyndige folk kan hevde at det skader kampen og kampomoralen i folket at den demokratiske opposisjonen krev klare liner av heimefrontleiinga i desse spørsmål. Det motsette er tilfelle. Det er til ubotleg skade for heile kampen mot fienden at leiinga av den norske heimefronten ikkje har teke klart standpunkt til desse spørsmål, men krev at den frie presse skal vingast til ikkje å nemna slike ting.

Krava som den demokratiske opposisjon har lagt fram for heimefrontleiinga samsvarer med interesseene for heile folket og vil vera til tørste bate for motstanden om dei vert godkjende som grunnlag for kampen. Dei samsvarer også med dei prinsipper som våre store allierte har fastlagt, nå sist ved Krimkonferansen. Det er særsviktig nå i sluttkampen at den norske heimefronten får tru på si eiga kraft. Ein ikke berre sjå utover landsgrensene etter frigjeringstropper. Då vert trua på eiga kraft borte som kan verta til stor skade for landet først i etterkrigstida. "Farlig er det at venner befrir oss", seier ein av våre krigslyrikere og med full rett. Vi gled oss alle over at allierte styrkar skal koma oss til hjelp, men hjelpa skulle bygge på vår egen aktive krigsinnslag her på heimefronten.

Bei politiske krava som den demokratiske opposisjonen har sett fram til Hjemmefrontens ledelse (Hj.1.) er følgjande:

1. Hj.1., dens underorganisasjoner og tillitsmenn vil være lojale overfor og bygge sitt arbeid på den norske grunnlova.
2. Hj.1., dens underorganisasjoner og tillitsmenn vil arbeide for at de folkevalgte organer, Stortinget, by- og herredsstyrer skal innkalles straks kriga er over, i samhøve med grunnlova.
3. Hj.1., dens underorganisasjoner og tillitsmenn vil være lojale overfor vårt lands høyeste forfatningsmessige organ, Stortinget, og dets rettigheter, og den regjeringens myndighet som støtter seg til dette.
4. Hj.1., dens underorganisasjoner og tillitsmenn vil bygge på det samhold i folket som kriga har skapt, slik at folket garanterer sin fulle demokratiske frihet og sjølstyretett.
5. Hj.1., dens underorganisasjoner og tillitsmenn vil garantere det frie ord i den frie underjordiske presse, slik at dette frie Norge får leve uten inngrep av byråkratisk art.

Det er ikke godt med at heimefronten er etablert ved at den ikke har et sannsynlig forhold til å få oppdraget med å utarbeide nye retningslinjer som skal gjelde for alle.

### Proklamasjon fra Hjemmefrontens ledelse.

Den 14 april vart det over London radio sendt ut ein proklamasjon fra Hjemmefrontens ledelse, som vi gjev att nedanfor i noko avstutta form. Denne proklamasjonen er eit av dei viktigaste dokument i vår fridomsstrid. Vi oppmodar alle til å lese den, studere den som det historiske dokument den verkeleg er. Det ver det samlingsgrunnlaget alle har venta på under heile kriga.

"Tysklands sammenbrudd er nær. Tiden omkring dette sammenbrudd vil stille store krav til vår offervilje, disiplin og samhold. Vår innsats idag vil avgjøre vårt lands lykke for generasjoner framover. Fiendens planer om å legge vårt produksjonsliv øde, vil om så skjer, bli møtt med væpnet makt av våre hjemmestyrker. Andre nordmenn må i denne situasjonen følge de direktiver som måtte bli gitt av regjeringen, forsvarrets overkommando og Hjemmefrontens ledelse.

Fiendens forsök på å spreda mistenksomhet nordmenn imellom, spre mistillit til framtidens, har ikke ført fram. Målet for kampen er å gjenreise folkestyret og rettsikkerheten, retten til å tenke og tale fritt og troen på menneskeverdets. Dette er ikke bare i samsvar med grunnlov og lov, men det er prinsipper som er fast forankret i vår rettsbevissthet. Derfor vil det heller ikke lykkes for fienden å spalte mellom hjemmefront og utfront.

Hjemmefronten er blitt en folkeorganisasjon, som står åpen for alle nordmenn som vil kjempe mot fienden. Utenfor står bare dem som samarbeider med N.S., og som av svakhet eller frykt har unndradd seg kampen. Innan hjemmefronten spør ingen etter politisk parti eller religiøs oppfatning, bare om vilje og evne til å kjempe mot fienden.

Hjemmefrontens ledelse representerer alle samfunnklasser og er sammensatt av aktive patrioter. Veien til Hjemmefrontens ledelse går gjennom aktiv innsats innen kamporganisasjonene. Den betrakter sin oppgave som løst når kriga er ferdig. Men den ånd som har preget vårt folk under heile kriga må ikke forsvinne. Det store gjenoppbygningsarbeid trenger alle våre krefter. Det må herske fri meningsbrytning mellom de politiske partier, med saklighet og respekt over partigrensene. Den krisa vi nå gjennomlever, vil vi overvinne. Vårt mål straks kriga er ferdig, må være:

1. Gjenopprettelse av fullt folkestyre etter grunnloven. Å utskrive nye valg til Storting og kommunestyrer så snart det er teknisk mulig.
2. Å gjenreise vårt norske rettsamfunn, oppheve fiendens forordninger og etterprøve hans administrative avgjørelser på fritt grunnlag.
3. Å løslate alle politiske fanger, sørge for at de deporterte øyeblikkelig blir hjemsendt så trygt og sikkert som mulig. Erstatning til dem som er blitt hardest rammet.
4. At krigsforbrytere og landssvikere blir hurtig og rettferdig straffet etter gjeldende lov.
5. Å slå hardt ned på dem som har beriket seg på samarbeid med fienden.
6. Å skaffe de nødvendige varer og fordele dem på en rettferdig måte.
7. Å sørge for at alle kommer i nyttig arbeid ved en aktiv beskjeftelesespolitikk og kontroll med arbeidslivet.
8. Å gjennomføre et rettferdig forhold mellom priser og lønninger.

I framtiden må vi føre en målbevisst og vidsynt politikk med sikte på:

1. Et fritt og selvstendig Norge.
2. Social sikkerhet og arbeid for alle.
3. Skaffe mulighet så ungdommen kan få opplæring og utdannelse, uten hensyn til økonomisk stilling.
4. Fremme solidariteten mellom befolkningsgruppene og høyne levestandarden ved å bygge opp igjen landet og øke data produksjonskraft.